



Ørsta kommune  
Dalevegen 6  
6153 ØRSTA

## Informasjon om innbygarhøyring i veke 3 og 4 i 2018 - Bjørke og Viddal i Ørsta kommune

Fylkesmannen vil med dette infoskrivet gjere greie for telefonundersøkinga som skal gjennomførast i samband med vår utgreiing av grensejustering. Dette gjeld mogleg grensejustering av bygdene Bjørke og Viddal i Ørsta kommune over til nye Volda kommune.

Opinion AS vil på oppdrag frå Fylkesmannen gjennomføre telefonundersøkinga. Ørsta kommune fekk oppdraget med å samle inn telefonnummer til alle innbygarar over 16 år i Bjørke og Viddal. Alle tilgjengelege telefonnummer frå denne lista vil bli ringt opp inntil 10 gonger.

Det vil i telefonundersøkinga bli stilt eitt hovudspørsmål med tre svaralternativ.

Resultatet frå telefonundersøkinga vil være klart i veke 6, og blir då sendt over til kommunen og søkar for grensejusteringa i Bjørke og Viddal.

Fylkesmannen vil i løpet av veke 1 sende faktagrunnlaget omkring grensejusteringa til Ørsta kommune med kopi til søkar av grensejusteringa i Bjørke, og Viddal og Bjørke grendalag.

Vi oppmodar kommunen om å legge ut all informasjon om utgreiinga/telefonundersøkinga av grensejusteringa på sine heimesider, og synleggjere for innbygarane kva slags telefonnummer som ringer dei opp i undersøkinga. Fylkesmannen legg også ut aktuell informasjon på våre [heimesider](#).

### Sjå viktig informasjon i vedlegget

Med helsing

Rigmor Brøste  
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

1 VIKTIG INFORMASJON

Kopi:

Torbjørn Saure Hol	Skjåstaddalen 484	6190	BJØRKE
Svein Homberset	Skjåstad	6190	BJØRKE